



TYSVÆR KOMMUNE

Forvaltning

Dato: 09.11.2020

Vår arkivsakID: 20/3156

Deres referanse:

Saksbehandler: Evy Helland

Fylkesmannen i Rogaland
Postboks 59 Sentrum

4001 STAVANGER

Vedrørende søknad til uttale - Rive eksisterende og byggje nytt tilbygg med bod, samt oppføring av naust og kai - gnr. 1 bnr. 170 - Odlandsvegen 16

Visar til tidlegare oversending av sak til uttale.

Me ser at me har vore litt for kategoriske i vår «grense» på 75 m² i bebygd areal. Saka er ikkje vurdert konkret nok før oversending. Det er i tillegg kome tilleggsopplysningar frå tiltakshavar i etterkant av oversendinga.

Den omtalte terrassen var vist på søknad om tilbygg då dette vart søkt om på 90-tallet, men kommunen har ikkje vurdert denne, då det på den tida var vanleg å nytte bruksareal, ikkje bebygd areal. Terrassen er difor godkjent. Samla bebygd areal på eksisterende fritidsbustad med terrasse er omlag 86 m² i dag i følgje tiltakshavar.

Kommunen har, som nemnt, stort sett vore positive til riving og attreising av bygg med same areal som eksisterande. Det er ikkje gjeve at terrassen kan reknast med, då denne ofte er mindre dominerande enn eit bygg, men dette må vurderast konkret i kvar sak. Det er og viktig å presisere at 75 m² er ein generell praksis, i nokre tilfeller er me positive til meir, i nokre tilfelle mindre.

I dette tilfellet er terrassen relativt høg og dominerande, og den ligg nærast sjø. Kommunen vurderar difor at ein kan gje løyve til eit større areal enn 75 m², dersom tilbygg til fritidsbustaden kjem bak eksisterande fritidsbustad, slik som planlagt. Når terrassen vert riven, vil fritidsbustaden verta meir tilbaketrukken frå sjø og eit tilbygg i bakkant vil difor ikkje gjera fritidsbustaden meir privatiserande, slik kommunen vurderar det.

Kommunen kan difor vera positiv til ei riving av frittliggjande anneks, tilbygg og terrasse, samt nytt tilbygg (attreising) på omlag 86 m².

Med helsing

Evy Helland
Rådgevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi til

Sigmund Almås

Almåsvegen 60

5410

SAGVÅG

Vedlegg

Gbnr 1/170 - Tilleggsopplysninger

Tegning

Brev fra Tysvær kommune 03.10.2017

Vedrørende søknad sendt til uttalelse - Gbnr 1/170 Odlandsvegen 16

Mottakarar

Rogaland Fylkeskommune

Postboks 130 Sentrum

4001

Stavanger